

ALP i serum

Alkalisk fosfatase

Bakgrunn

ALP er ei gruppe membranbundne enzym som katalyserer spalting av fosforsyreestrar. ALP fins i mange typar celler, blant anna i skjelett (osteoblastar) og leverceller.

Indikasjonar

Utredning og kontroll av leversjukdommar, særleg ved mistanke om kolestase. Ved mistanke om skjelettsjukdomar med auka osteoblastaktivitet.

Prøvemateriale



0,5 ml serum teke på rør tilsett gel eller på rør utan tilsetting.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

2-10 år: < 390 U/L

10-18 år: <490 U/L

>18 år: <105 U/L

Tolking

Berre høge verdiar har klinisk betydning. Høge verdiar kan ein sjå ved leversjukdommar med kolestase og ved sjukdommar i skjelettet.

Gravide har auka verdiar i 3. trimester.

s-ALP viser betydelig individuell variasjon hos barn og ungdom, knytt til naturlege vekstfasar.

Feilkjelde: Langvarig stase gir auka verdi av s-ALP.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 6,4 %